



Fjellskålnes Eiendom AS
Fjellskålnesvegen 135
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1193 - 23/10393

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
08.05.2023

85/10 Fjellskålnes - Oppføring av industribygning med lager og kontor - ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 122/23

Tiltakshavar: Fjellskålnes Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Helge Rød AS
Tiltak: Oppføring av industribygning med lager og kontor
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Rådmannen sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av industribygning med lager og kontor på gnr. 85 bnr. 10.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 24.08.2018 saknr. 220/18, 09.10.2018 saknr. 256/18 og 26.10.2018 saknr. 273/18. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles synt til søknad motteken 04.05.2023.

Skildring

Adresse:	Gnr. 85 bnr. 10.
Bygningstiltak:	Oppføring av industribygning med lager og kontor
Bygningsnummer:	300706920

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1193.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Brann-redning tilsyn

Mottakarar:

Fjellskålnes Eiendom AS
Helge Rød AS

Fjellskålnesvegen 135
Hansdalsvegen 3

5282
5281

LONEVÅG
VALESTRANDSFOSSEN